



**Nytt styre Velledalskoret.** Det er årsmøtetid. Idrettslaget og Velledalskoret er ferdige, mange andre står for tur. Desse personane skal styre Velledalskoret mot nye høgder i 2009: Sigurd Johan Aure Saure (ny leiar), Sveinung Vemøy, Irene Hovet, Torill Olin Skjeret (ny) og Jorunn Lade (ny). Velledalskoret har nyleg avvikla ei overmåteleg vellukka øvingshelg med base på Nordfjord hotell (Nordfjoreid), dermed er det all grunn til å tru at konserten 25. april (sett av datoen) vert ein højdare”

**Ikkje sildedag i år.** Styret i VIL har bestemt at sild ikkje må etast kvart år. I alle fall vert Den Store Sildedagen, som i fjor samla 281 personar, heretter arrangert berre kvart andre år. Men laget har ei erstatning. Torsdag 12.februar frå klokka 19.00 og utover kvelden vert ”Kveldsmaten” arrangert i regi av VIL. Laget spanderer denne kvelden GRATIS kveldsmat til alle som vil ha. Det er særst viktig at det vert sytt for at den eldre generasjonen kjem seg til grendahuset denne kvelden. Dei som ynskjer kan fornye medlemskapet sitt i laget, eller handle ullmax, VIL-hue m.m etter dei er mette.

**Svingfoten laurdag.** Vi har Odd Kåre Fet på tråden, primus motor for Svingfoten.

- Vi har slete litt med rekrutteringa siste tida. Difor er det viktig at alle danseglade melder seg på komande laurdag. Vi har god musikk (Jan Ulvenes orkester) og mat av beste kvalitet, seier han.

Påmelding til: Odd Kåre Fet tlf 70 25 08 05 eller Edolf Lade tlf 938 96 039

**Helselaget treng hjelp.** Ny telefon frå Fet. Denne gongen er det Turid Bøkestad Fet vi har i andre enden. – Du må ta med i neste nummer at helselaget treng gevinstar til basaren sin i mars. Vi er ikkje så mange i laget, så det hadde vore fint om dalafolket kunne hjelpt oss. Dei som vil gi kan ta kontakt med meg eller ei av dei andre damene i laget, avsluttar den engasjerte helselagsleiaren. Klart vi skal gi Turid, ikkje sant! - Turid sitt telefonnummer er 70 25 08 16.

**Les på [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net).** Mykje godt lesestoff under hovudportalen, Velledalen IL og grendahuset/symjehallen sine sider. Eller du kan klikke deg inn på linkar til andre aktuelle lag, eksempelvis nettsida til Fjellhug (nystarta).

**Årsmøte i sogelaget.** Velledalen Sogelag held årsmøte i Velledalen grendahus tysdag 24. februar klokka **19.00**. Det vert vanlege årsmøtesaker, forvaltning av måleri (dei som hang i grendahuset) og eventuelle innkomne saker.

Klokka **20.00**: Sogekveld med tema: Sykkylven Fjordhestlag – hesteal i 100 år

**Årsmøte i Fjellhug.** Same kveld som Svingfoten svingar seg i grendahuset (14.februar), set medlemane i Fjellhug kursen mot Vellesætra, der deira årsmøte vert avvikla. Natur-og friluftslaget har årsmøtestart klokka 20.00.

Tidleg i mars kjem fleire årsmøte. Velledalen grendahus har blinka seg ut 2.mars som årsmøtedato, medan Velledalen Ungdomslag held møte i same hus dagen etter (3. mars) Frå sikre kjelder vert det meldt at Øvre Velledalen Vassverk har avvikla sitt årsmøte, men informasjon utover det ligg ikkje føre

**Likt med skjema.** Jokerbutikken i Velledalen har fått ein OK start på 2009 opplyser Petter Velle, leiar i Velledalen i Balanse (ViB). –Januar månad enda opp temmeleg nøyaktig likt med budsjettet vårt. No nærmar vi oss vinterferie med gode fjellhelger framover mot påske dersom vêret klaffar. Difor er det

ei viktig fase vi no går inn i, seier Petter til DiS, samstundes som han ynskjer fjellfolket velkomen til storhandel når det måtte vere innafor opningstida (10.00-18.00).

**Kjem ho...?** Av dei mange årsmøta i nær framtid knyter det seg klart mest spenning til Fjellhug sitt. Ikkje på grunn av brennbare saker. Men det store spørsmålet dei mannlege "fjellhugarane" stiller seg er: finn dama på biletet vegen til Vellesæterhytta...???



This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.